

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet  
Postboks 93  
4791 LILLESAND

Deres ref

Vår ref  
24/3801-88

Dato  
21. november 2025

## Supplerande tildelingsbrev nr. 4 for 2025 - Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til tildelingsbrev til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) for 2025. Dette supplerande tildelingsbrevet gjeld følgende tre saker:

1. Budsjettverknadar av lønnsoppgjeret i 2025
2. Justering knytt til tildeling av midlar på andre budsjettkapittel
3. Prioritering knytt til gjennomføring av forordninga om digitale tenester

### 1. Budsjettverknadar av lønnsoppgjeret i 2025

Finansdepartementet har samtykt til fordelinga av samla kompensasjon for lønnsoppgjeret i 2025 for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet, med følgjande verknad for Nkom:

| Kap. | Post | Nemning                          | Kroner    |
|------|------|----------------------------------|-----------|
| 1543 | 01   | Nasjonal kommunikasjonsmyndighet | 5 720 000 |

Midlane blir med dette stilte til disposisjon for Nasjonal kommunikasjonsmyndighet.

### 2. Justering knytt til tildeling av midlar på andre budsjettkapittel

DFD viser til supplerande tildelingsbrev nr. 3 for 2025 kap. 1.2, der Nkom blei tildelt 4,8 mill. kroner som kan nyttast til arbeid med prosjektet for nytt nødnett. DFD viser vidare til dialog på etatsstyringsmøte 3/2025, der DFD og Nkom var einige om å justere denne tildelinga.

DFD opnar med dette for at deler av eller alle dei tildelte midlane også kan nyttast i samband med arbeidet med gjennomføring av Nasjonal sikkerheitsplan for digital infrastruktur. Innanfor desse rammene vel Nkom korleis midlane skal nyttast.

### **3. Prioritering knytt til gjennomføring av forordninga om digitale tenester**

DFD viser til oppdrag i supplerande tildelingsbrev nr. 2 for 2025 om ein nasjonal forvaltningsstruktur for handheving av forordninga om digitale tenester (DSA). Opphøveleg frist for Nkoms endelege innspel til forslag om samarbeidsstruktur var 14. november 2025, og denne blei utsett til 21. november.

DFD ber Nkom om å prioritere nasjonal gjennomføring av forordninga om digitale tenester, og særleg bistanden til departementet i arbeidet med utarbeiding av ein lovproposisjon. For å legge til rette for dette, utset DFD fristen for endeleg innspel om forvaltningsstruktur til 5. januar 2026.

Med helsing,

Siri Halvorsen (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Timothy Szlachetko  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer*

Kopi

Riksrevisjonen  
Samferdselsdepartementet